

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

|                  |                             |
|------------------|-----------------------------|
| Dato             | 22.10.2024                  |
| Vår referanse    | 2024/53831-4                |
| Dykkar referanse | 202409861-2                 |
| Sakshandsamar    | Knut Martin Karlsen         |
| E-post           | Knut.Martin.Karlsen@vlfk.no |
| Telefon          | +4740456815                 |

## Fråsegn til søknad - uttak av vatn frå Berstadvatnet - Stad kommune

### Vegfagleg innspel

Vestland fylkeskommune, Avdeling for infrastruktur og veg viser til høyring av søknad frå Stad kommune om løyve til uttak av vatn frå Berstadvatnet. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

Stad kommune ynskjer å nytte vatn frå Berstadvatnet i Stad kommune og har søkt om konsesjon for uttak av vatn til Berstadvatnet vassverk.

I forbindelse med søknaden er det planlagt tilkomstveg til vassbehandlingsnalegget frå fylkesveg 618 og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar på andre sida som tilkomst til parkeringsplass. Langs strekninga er fartsgrense 60 km/t med gjennomsnittleg års døgn trafikk av 450 køyretøy.

I Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrense er målet å kunne handtere nye eller endra avkøyrslar og tiltak nær vegnettet. Fylkesvegane er inndelt i ulike haldningsklassar ut i frå kvar mange tiltak nær vegen den kan tole, utan at det går for mye ut over trafikktryggleiken og vegen sin funksjon. Haldningsklasse på fv. 618 er streng som betyr at talet på avkøyrslar til vegane skal vere svært avgrensa og godkjenning ti utvida bruk bør avgrensast spesielt for bustadavkøyrslar (Rammeplan 2021-2024).

Stad kommune må søke om løyve frå Vestland fylkeskommune for å etablere ny avkøyrslar og utvida bruk eksisterande avkøyrslar frå fylkesveg. Avkøyrslar utforming må vere i samsvar Staten vegvesen sin handbok N100 Veg og Gateutforming (plassering, siktsoner, sving radius m.m.)

### Vassfagleg innspel

Vestland fylkeskommune har motteke søknad frå Stad kommune om løyve til å ta ut vatn frå Berstadvatnet til Berstadvatnet vassverk, samt nytte Berstadvatnet som reservevasskjelde for Selje vassverk.

#### Bakgrunn:

Stad kommune søker om løyve til å ta ut vatn for å møte auka etterspurnad på grunn av bygginga av Stad skipstunnel, samt for å sikre forsyninga til nærområdet. I tillegg vert det peika på at Berstadvatnet kan vere ei god løysing for brannvatn i området.

#### Vurdering:

Fylkeskommunen har ansvar for innlandsfisk av ikkje-trua bestandar i vatn som ikkje er regulerte.

Det er aure i Berstadvatnet, og denne gyt i utløpselva ([Rådgivende Biologer Rapport nr. 4005](#)). Det var låg tettleik av aure i utløpselva, men i følgje Rådgivende Biologar kan det skuldast at ung aure vandrar tidleg tilbake til Berstadvatnet og nyttar dette som oppvekstområde. Rådgivende Biologar viser til at det er viktig å sikre at gyteområda i utløpet av vatnet har vassdekning, og at det er mogleg for fisk å vandre ned til gyteområda i bekken og opp igjen til vatnet.

I følgje søknaden er det ikkje tenkt å regulere vatnet. I søknaden står det at det ikkje er planlagt å bygge reguleringsmagasin. Eksisterande situasjon med naturleg regulering er vurdert som tilfredsstillande. I tørrår når vassføringa i elva kjem ned mot minstevassføringa, vil Stad kommune redusere og om nødvendig stoppe uttaket av råvatn frå Berstadvatnet og i staden forsyne abonnentane med vatn frå Selje vassverk.

Føreset at det ikkje vert etablert vandringshinder på utløpet av Berstadvatnet og at uttaket blir redusert og stoppa når elva kjem ned mot minstevassføringa vurderer vi at tiltaket er akseptabelt for innlandsfisk. Uttaket vil kunne føre til lengre periodar med låg vassføring i utløpselva, men vi venter ikkje at det vil påverke aurebestanden i vesentleg grad.

Vidare er det viktig at den planlagde minstevassføringa på 0,036 m<sup>3</sup>/s vert overvaka for å sikre at elva opprettheld eit vassnivå som er tilstrekkeleg for å støtte det biologiske mangfaldet, sjølv i periodar med naturleg lågvassføring. Eventuelle avbøtande tiltak må setjast i verk dersom lågvassføringa fell under kritiske nivå i tørre periodar.

Den økologiske tilstanden i Berstadvatnet (vassdragsnummer 091-27839-L) er vurdert som "god" etter vassforskrifta. Den kjemiske tilstanden er også vurdert som "god", og det er ikkje registrert nokon risiko for å ikkje nå miljømåla. Det er viktig at desse tilstandane blir oppretthalde. Dersom det er fare for at miljømåla blir redusert må det bli vurdert om tiltaket oppfyller krava for unntak etter § 12 i vassforskrifta.

#### Konklusjon:

Vestland fylkeskommune har ingen innvendingar mot at løyve vert gjeve, under føresetnad av at det ikkje vert etablert nye vandringshinder og at vassføringa vert overvaka.

Med helsing

**John Anton Gladsø**  
seniorrådgjevar  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

**Knut Martin Karlsen**  
rådgjevar  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

|                             |                            |      |              |
|-----------------------------|----------------------------|------|--------------|
| Statsforvaltaren i Vestland | Statens hus - Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER    |
| Stad kommune                | Rådhusvegen 11             | 6770 | NORDFJORDEID |